

# Ein teikneseriekultur veks fram

Erling Berge

*Alternativet til vår bokkultur er ikkje ukultur, men ein annan kultur. Denne kan vi avvise. Men det er lurare å studere den.*

*Erling Berge (fødd 1946) er sosiolog ved Noregs landbruks-høgskule, Ås; har særleg studert demografi og byutvikling.*

Ser vi kulturen vår i historisk perspektiv, er det tydeleg at den teknologiske utviklinga har vore viktig for utforminga av den. Det er t.d. vanskeleg å tenke seg at vi etter Gutenberg kunne få noe anna enn ein bokleg kultur. Eg skal ikkje her freiste å gjere greie for korleis teknologi påverkar kulturutviklinga verken historisk eller på annan måte. Vi kan likevel merke oss at det tok lang tid frå trykkekunsten var eit faktum til vi no, dei siste hundre åra, kan seiast å ha fått ein hegemonisk bokleg kultur. Like eins vil det nok gå lang tid frå teknologiske nyvinningar som film, fjernsyn og teikneseriar får forma kulturen i sitt bilete.

Kulturelle hegemoni vil like så vel som andre maktstrukturar ha mekanismar for å verne om stillinga. I vår boklege kultur kjem dette til uttrykk på mange måtar. Ein av dei er det dårlege samvitet mange foreldre har hatt og vel framleis har når dei kjøper teikneseriar til barna sine. For biletbøker og teikneseriar høyrer ikkje med i bokkulturen. Forbruket av teikneseriar blir av mange teke som prov på forfallet hos barn og ungdom. Her trur eg vi er i nærleiken av noko viktig. Det er ikkje berre det at barn og ungdom les mindre bøker enn vi synest dei burde. Det er kanskje vel så viktig at dei les andre bøker enn dei vi synest dei burde lese. Konsekvensane av dette forbruket kjenner vi dårleg. Men om det ikkje er forfall, er det i alle høve fråfall. Det er mange som har ei kjensle av at barn og ungdom i dag lærer andre verdier enn det

tidlegare generasjonar lærte. Ja, beint fram at dei lærer ein annan kultur.

## To kulturar, to språk

Kultur er uløseleg knytt til språk og språkbruk. Når sosiologar talar om kultur, meiner dei noko meir fundamentalt enn musikk, biletkunst, teater og litteratur. Dei talar om tillærte mønster for å gripe, vurdere og verdsette røyndomen. Den fremste reiskapen for å gripe røyndomen, er språket – tale- og skriftspråket. Barn og ungdom blir derfor ikkje utan kultur sjølv om dei synest mangle interesse for den klassiske bokkulturen. Alternativet til vår kultur er ikkje ukultur, men ein annan kultur. Og denne andre kulturen går det an å studere. Om den skal få eit namn som kontrast til bokkulturen kunne vi kalle den for teikneseriekulturen eller videokulturen. Det bør ikkje i utgangspunktet vere gitt at den er å forkaste. I alle fall er den her for å bli, og om ingen tar den på alvor på dens eigne premissar, vil generasjonskløfta raskt utvikle seg til ei kulturkløft.

Vestens boklege kultur vann fram hegemonisk status mellom anna ved å konkurrere ut dei spirane som fanst til biletspråk i t.d. kyrkje-kunsten. Den nye teknologien for å produsere og distribuere bilete kunne såleis ikkje takast i bruk innan ein etablert biletspråkleg tradisjon. Kommunikasjon med bilete – biletspråk – måtte utviklast på nytt. I slike språklege situasjonar kan Babel-syndromet studerast. I

mangel av etablerte språknormer er det fritt fram for skaparevna. Mangfaldet av biletspråk gjer det ikkje berre vanskeleg å følgje med i kva som blir skapt, det gjer det også vanskeleg å få oversikt over kva som skjer med det totale språk- og kulturbiletet.

Det interessante i situasjonen finn vi etter mi meining ved å forenkle situasjonen så vi berre talar om to klasser språk: skriftspråk og biletspråk. Vi ser då at skriftspråket raskt er i ferd med å få eit supplement, kanskje også ein konkurrent i biletspråket. Og det langsiktige resultatet blir kanskje eit teikneseriespråk. I den samanhengen kan det vere interessant å samanlikne skriftbiletet vårt med biletet av kinesisk skrift eller tidlegare tiders skriftspråk, som gammal-egyptiske hieroglyffar. Desse er bygde opp etter heilt andre prinsipp enn vårt skriftspråk. For meg synest dei å innehalde sterke element av teikneserie.

At teknologisk endring så raskt som i dag kan gje språkleg endring er jo interessant i seg sjølv. Men endå viktigare blir det når vi veit at språkleg endring både er fostra av og gir opphav til kulturell endring. Men skal vi skjønne meir av kva som er i ferd med å skje, må vi vite litt både om eigenskapar ved dei ulike språkmedia, litt om korleis syn og høyrsel spelar saman hos brukarane av språket og litt om korleis bruken av språket i


**Skriftkulturen, er den i fare?** (Hans-Georg Rauch / Die Zeit)

dagleglivet både formar språket og kulturen som veks fram.

### Digital og analog kommunikasjon

Det er ein vesensskilnad mellom ein tekst og eit bilete i måten dei formidlar informasjon. Tekst fører informasjon frå sendar til mottakar i digitalisert form. Informasjon er digitalisert når den er stykka opp i små klart skilde bitar som kan sendast mottakaren kvar for seg. Informasjonen i eit bilete er koda i analog form. For å tolke budskapet i biletet må ein sjå heile biletet. Og når vi ser biletet, er informasjonen med ein gong presist fastlagt, t.d. fargen på eit andlet. Ingenting er overlate til fantasien. I ein tekst vil ein ikkje klare å vere like presis utan å ty til omgrep frå fysikken. Og til meir presise vi freistar vere, til meir uforståeleg blir teksten. I staden for å vere heilt presise har ein i skriftspråket lagt vinn på å skille mellom viktig og uviktig. Berre dei elementa ved fenomenet ein meiner er vesentlege vil vere med i omgrepet når ein nyttar det. Dei uvesentlege detaljane er overlatne til lesarens fantasi. På den måten vil ein tekst aktivisere lesaren på ein heilt annan måte enn sjåaren. Men på den andre sida vil eit slikt digitalisert språk vere ein barriere for å gripe røyndomen dersom det som er det vesentlege i røyndomen, endrar seg raskt.

Ein annan skilnad mellom tekst og bilete, nært knytt til skillet mellom digital og analog, er evna til å framstille logiske resonnement. I tale- (og tekst-)språket har vi dei abstrakte symbola «ikkje», «og» og «eller». Ved hjelp av



dei kan ein bygge opp alle logiske resonnement (sjå t.d. Whitehead and Russel 1910). I dagens biletspråk manglar desse symbola. Ikkje noko bilete av eit eple kan lesast som «dette er ikkje eit eple». Berre omveges gjennom å bygge opp omstendelege biletskvensar, kan ein nærme seg enkle påstandar der logikkens symbol er vesentlege. Til meir abstrakt logikk ein freistar å legge inn i biletskvensane, til lengre og meir uoversiktlege blir dei.

Skriftspråket er altså eit raskt og effektivt medium for kommunikasjon av abstrakte logiske resonnement og nokre få data om røyndomen som er plukka ut som vesentlege. Biletspråket har styrken sin i å overføre mye og presis informasjon utan å skille mellom viktig og uviktig informasjon.

### Ein hjerne, to halvdelar

Når ein tar omsyn til at augo våre er spesialkonstruerte for å registrere informasjon i form av bilete, må ein kunne seie at den samanhengande teksten mange gonger er ein svært langsam omveg for å nå fram til hjernen med ein bodskap. No viser det seg at det ikkje er nok å snakke om «hjernen» i slike høve. Vi har to hjernehalvdeler som på mange måtar opererer uavhengig av kvarandre. Hjerneforskninga meiner å vite at det er den venstre hjernehalvdelen som analyserer og deler opp eit problem, medan den høgre hjernehalvdelen oppfattar heilskapar og kjenslespekteret (Ferguson 1980). Den digitaliserte, samanhengande teksten utan bilete vil altså tale hovudsakleg til den venstre hjernehalvdelen, medan den analoge biletkommunikasjonen hovudsakleg vil tale til den høgre. Dette skillet er viktig av to grunnar. Det kan både vere med og forklare motsetningane mellom bokkulturen og videokulturen, og det ber bod om at det ikkje er noka *nødvendig* motsetning mellom desse.

Talespråket er ikkje berre ord som følger etter kvarandre som i ein tekst. Det er også intonasjon, rytme og melodi. Desse fortel om kjensler og stemningar. Dei blir tolka av den høgre hjernehalvdelen og fyller ut bileta som

den venstre hjernehalvdelen konstruerer ut frå orda. Dei utgjør ein vesentleg del av bodskapen og er kanskje hovudgrunnen til at det er så viktig for barn at vaksne les for dei. Før dei lærer å legge til kjenslemessige overtonar for seg sjølve, vil teksten vere nesten uinteressant.

Når vi får presentert eit bilete for oss, ser vi det som eit heile i ein rask blink. Samtidig med at biletet blir oppfatta, set det i gang assosiasjonsrekker der gjenkjenning og identifikasjon av miljø eller situasjonar skaper ein aura av kjensler knytt til biletet. Dette skjer i den høgre hjernehalvdelen. Først i etterkant av denne fatinga får den venstre hjernehalvdelen høve til å analysere kva som er viktig og uviktig på biletet. I motsetning til teksten der kjenslene kjem litt i etterkant av den intellektuelle innsikta, vil denne innsikta i biletsansinga komme litt i etterkant av kjenslene. Derfor blir skvensar av bilete og farta i biletskifta så viktige. Ved at vi studerer skvensar av bilete kan den venstre hjernehalvdelen rekonstruere hendingsforløp som gjer det mogleg å skjønne kjenslene. Men om bileta strøymer inn fortare enn hjernen er i stand til å analysere, vil særleg den analytiske venstre hjernehalvdelen komme til kort. Kjenslemessig kan ein ha sterke opplevingar. Men ein skjønner ikkje og kan ikkje heilt gjere greie for kva ein har sett. Evna til å lese dramaturgien i ei biletrekke er noe som må øvast opp. Og nett denne evna er det kanskje som er det viktige skillet mellom dei som har vakse opp med fjernsyn i høve til dei som ikkje har hatt høve til å øve seg i å sjå.

### Læring av verdiar

Noko av det viktigaste i ein kultur er formidlinga av verdistandardar, oppfatningar av rett og gale, viktig og uviktig. Desse oppfatningane blir sjeldan effektivt formidla i klartekst. Vi får dei inn som bodskapar retta mot kjenslespekteret. I eit skriftspråk er det relativt vanskeleg å formidle slike bodskapar effektivt fordi lesaren har meir bevisst kontroll over kjenslespekteret gjennom den intonasjon, rytme og melodi han eller ho må legge til teksten under lesinga. I biletspråket er det mykje lettare sidan det går utanom den analytiske



**Europa 1986: frå  
Tsjernobyl til  
Mexico. (Hans-Georg  
Rauch/ Die Zeit)**

hjernehalvdelen og talar direkte til den høgre hjernehalvdelen. Utviklinga i reklamekunnska-  
pen er instruktiv på dette feltet.

Det er også verdt å merke seg at i bilemedia er den viktige kjenslemessige budskapen ein relativt stor del av det som blir formidla samanlikna med ei skriftleg framstilling som det tar like lang tid å formidle. Det som er viktig i denne samanhengen, er likevel at i biletkommunikasjonen går den kjenslemessige budskapen i forkant av den verbale og intellektuelle fatinga. Dette gjer det vanskeleg for oss å tenke igjennom kva vi får tilført. Ofte manglar vi orda og midla til å reflektere over våre eigne haldningar. Dermed kan vi heller ikkje samanlikne oss med våre næraste medmenneske ut over den grunnleggande kjensla av gruppemedlemskap eller avstand som umedvitne haldningar gir grunnlag for.

I mangel av ord og omgrep som kan formidle dei biletmessige sansingane til omverda, er kanskje den enklaste måten å uttrykke noko sjølv på, å ta i bruk sin eigen kropp. Gjennom rollespel, klær og kosmetikk gir ungdom i dag eit visuelt uttrykk for litt av det dei har

opplevd gjennom bilemedia. Diskusjonen omkring hippiekulturen eller jappkulturen synest ikkje å ha sett dette. I staden registrerer ein berre symptom. Vi ser resultatet av korleis ungdomskulturen utviklar seg, men ikkje den samfunnsmessige dynamikken som ligg til grunn for det vi ser. Samanhengen mellom medieforbruket i 60- og 70-åra og dagens jappkultur er løynt for oss. Det næraste vi kjem er ei gnagande uro for kva «vold og video» skal gjere med ungdommen. Skal vi unngå ei veksande kulturkløft, må vi ta biletkommunikasjon alvorleg på ein noko annan måte enn vi gjer i dag. Først med innsikt i korleis biletkommunikasjonen fungerer, kan vi ha sjanse til å påverke dei haldningar og verdiar videokulturen lærer bort. Eit første steg mot ein slik innsikt må vere å sjå nærare på sambandet mellom språk og kultur.

### Språket skaper verda

Skriftspråket er digitalt. Det vel ut bitar av røyndomen og nemner dei. Og språket er nyttig nettopp så lenge det vel ut bitar av røyndomen og kategoriserer den verda vi lever i.

I ein viss forstand kan vi seie at språket *skaper* verda vi lever i (Whorf 1956). Men den verda språket skaper, møter kvar dag

røyndomen. Og nytta av den verdsmodellen språket skaper, blir testa kvar dag gjennom bruken av språket. Er språket ein nyttig reiskap for viljen vår? Får vi fortalt omverda det vi ønskjer? Finst det ord som fortel om opplevingane våre og den innsikta dei har gitt oss? Den røyndomen vi lever i og dei opplevingane den gir, varierer svært mye frå menneske til menneske. Den varierer i dag kanskje meir enn nokon gong tidlegare i historia vår. Her ligg nøkkelen til mye av det som skjer både med språket vårt og med biletbuiken i kulturen.

Daglegsspråket, morsmålet vårt, vart utvikla i ei enkel verd der det allmenne erfaringsgrunnlaget som låg under språkkjensle og forståing, var stort og dominerande. Språket både skapte denne røyndomen ved å sette namn på den og verka som ein effektiv reiskap for folk ved at det spegla dei viktigaste sidene ved den opplevde røyndomen. I dag er vi raskt i ferd med å misse det allmenne erfaringsgrunnlaget som eit dominerande drag i kvardagen. Sjølv om vi framleis har veret, skattane og NRK å samtale om, er dei for folk flest ein liten og mindre viktig del av kvardagen. Liv, helse og framtid er ikkje avhengig av korleis ver og vind verkar inn på årsveksten. Og NRK er raskt i ferd med å misse den dominerande posisjonen sin til å definere kva folk skal få oppleve utanom kvardagen sin. Den viktige delen av kvardagsopplevingane får fleire og fleire i det vi kanskje kan kalle små stamme-samfunn.

Samfunnsforskarar deler befolkninga inn i grupper etter kjennteikn som yrke, utdanning, kjønn eller alder og snakkar om dette som viktige deler av samfunnsstrukturen fordi det er større skilnad på oppførselen til folk frå ulike grupper enn det er på oppførselen til folk frå same gruppe. Dette viser seg på mange måtar og i mange situasjonar. Ein grunn til at ei slik gruppeinndeling er viktig og kan forklare skilnader i åtferd, ligg i at den samsvarar med skilnader i kvardagslivet til folk innan dei ulike gruppene. På kvar sin måte steller dei med problem folk i andre grupper nesten aldri opplever frå same synsstad. Ein dominerande del av det kvardags-

lege erfaringsgrunnlaget er det berre folk frå same gruppa som eigentleg skjønar, anten no gruppa er ungdom eller språkforskarar. Språkbruken vår tar farge av det. Dei gamle orda får små vridningar i tyding og nye ord blir konstruerte. Sjølv når vi freistar å unngå fagsjargong og framandord, er det vanskeleg å unngå mistydingar ved at same ordet kan ha litt ulik valør for ulike grupper (jf omgrepet *kultur*). Når erfaringsgrunnlag og språk på denne måten byrjar å skilje seg ut for ulike folkegrupper, er det nye kulturar eller sub-kulturar som er i ferd med å bli skapte. I dette biletet er imidlertid videokulturen spesiell sidan den bygger på eit språk som verkar på sida av skriftspråket og med ein annan kulturell dynamikk.

### Får vi eit biletspråk?

Tidlegare – i før-gutenbergsk tid – hadde kyrkja utvikla eit stilisert biletspråk til hjelp i forkynninga si. I dag har vi vanskar med å tolke symbolikken når vi studerer dei gamle bileta. Men den gongen verka dei nok godt. Også teater er biletkommunikasjon. Biletspråk er derfor ikkje ei nymotens oppfinning. Men av naturlege grunnar har både teater og målarkunst kvar på sin måte funne grenser for korleis bileta dei skapte, kunne vise ut over det synlege innhaldet. Da produksjon av film kom i gang tok utviklinga eit langt steg framover. Men først med teikneseriane har ein klart å velje ut einskilde sider av røyndomen slik at ein kan skape ei verd på same måten som språket. Om vi samanliknar bilete og tekst blir teikningar liggande imellom med ei form for digitalisering av biletet. Dette tyder at teikninga utfordrar sjåaren mye på same måten som ein tekst.

På mange måtar har nok film og teikneseriar påverka kvarandre. Men det store dilemmaet for begge er tilhøvet til tale og skriftspråket. Det varierer mykje korleis ulike film- og bilete til å fungere saman. I kva grad skal tekst og bilete fortelle samme historia? I kva grad skal dei utfylle kvarandre? Og ikkje minst: Er det skrift og tale som fortel det viktige, eller er det bileta?

*Skriket i beste sendetid. (Torgny Wörn / Dagens Nyheter)*



Vi kan studere litt av variasjonsbreidda i dei daglege små dryppa av framandlandsk kultur som NRK forsyner oss med. Det er ein markert skilnad mellom den typisk amerikanske og den typisk britiske fjernsynsfilmen. Den amerikanske fjernsynsfilmen er bygd opp slik at det er bileta og det som skjer i filmen som skal fortelle historia. Dialogen er det minimum som må til for å streke under og løyse opp alt tvetydig. Den britiske fjernsynsfilmen er derimot som opplesing av ein roman. Dialogen fortel det som er viktig, bileta er berre illustrasjonar som skal legge til dei nødvendige overtonane i den løpande teksten.

Ein kan spekulere på kvifor det skal vere tendensar til eit slikt skille mellom britiske og amerikanske TV-produksjonar. Eit viktig drag i framveksten av det amerikanske samfunnet var dei mange etniske gruppene og dei mange språka immigrantane hadde med seg. Dei hadde trong for å kommunisere. Men ikkje alle hadde like lett for å lære seg engelsk. Både stumfilmen og dei første tekstlause teikneseriane hadde ein opplagt marknad som vart teken godt vare på. Kunnskapen om å fortelje

utan ord tok ein med seg inn i lydfilmens dagar og utvikla vidare. Samspelet mellom tekst og bilete kan vere i ferd med å utvikle seg til ein ny måte å kommunisere på. I motsetning til dette kan ein undre seg om ikkje britisk filmproduksjon meir var påverka av teateret frå Shakespeares dagar. Med sine naturlege grenser for scenebiletet gir filma teater ein mye meir stillestående dramaturgi. Dette vil naturleg føre til at ein legg meir vekt på teksten for å få fortalt historia.

I dag er det videoprodusentane som ligg i fremste lina i å utvikle teknikkar for å velje ut bitar av verda og å sette dei saman igjen så dei kan fortelje noko meir og kulturelt sett meir fundamentalt enn det faktiske biletinnhaldet. Det er gjerne ikkje rett å kalle dette mediet eit «språk» enno. Biletkommunikasjonen er t.d. enno ei einvegskøyring frå den sentrale produsenten til mottakaren. Mottakarane er sjeldan i stand til å reflektere over den usynlege bodskapen, og om dei er det, kan dei ikkje svare på same språket. Dette er likevel i rask endring. Eit første steg er desentraliseringa av TV til lokale redaksjonar så fleire får erfaring med å lage biletbodskapar. Enda

viktigare er utviklinga av datateknologien. Små datamaskinar med programvare som kan produsere teikneseriar kan om ikkje lenge vere ein ny måte å skrive brev på. Sjølv om biletkommunikasjonen i dag ikkje stettar alle krav til å vere språk, trur eg alle språkforskarar bør merke seg at den er i ferd med å bli det.

Ungdommen er i dag vaksen opp med Donald Duck og såkalla dårlege amerikanske TV-seriar. Dette har hatt andre viktige verknader enn at dei lærer verdinormer ingen rett veit kva er. Bilete overfører visse typar informasjon særst effektivt. Men evna til å trekke ut informasjon av bilete er ikkje medfødd. Det, som alt anna, må lærast. Gjennom teikneseriar og TV-sjåing har denne evna vorte oppøvd. Krava til fjernsynsunderholdninga har med det endra seg. Ser vi på kva som vart rekna for topp underholdning i femtiåra blir i alle høve eg slått av kor inderleg keisamt alt frå den tida verkar: alt skal inn med teskei. I dagens underholdning blir kvart innslag kortare og kortare. Når sjåaren er trenna og produsenten veit kva han gjer, vil den kjappe sketsjen på 30 sekund fortelje like mykje som den langsame dialogen på 5 minutt gjorde ein generasjon før. Her ser vi spiren til den nye generasjonskløfta i høve til NRK.

Når NRK-folk skal velje ut kva som er god underholdning og når TV-kritikarar skal dømme om A-kvalitet kontra B-kvalitet på det som skal sendast eller er sendt til det norske folk, vil dei rimelegvis dømme ut frå den bokkulturen dei er vaksne opp i, der «en fullbefaren leser skal kunne tilegne seg sammenhengende tekst uten støtte av bilder» (Finn Erik Vinje i *Dagbladet* 6.2.1985). Den klare favoriseringa av dei meir sakteflytande, boklege britiske seriane ser eg som eit resultat av ein bokleg kultur. Men framtida for bokkulturen i TV-alderen synest lite løfterik. Bokkulturens hegemoniske status har fått ei utfordring den ikkje vil komme ut av uendra.

At nye generasjonar i dag har utvikla ferdigheter i å oppfatte biletekvansar, har imidlertid vidare konsekvensar enn å stille nye krav til underholdarane i NRK. Dei utviklar også ei haldning til tidsbruk som gjer det vanskeleg

for ein bokleg skole eller eit klassisk teater å nå fram. Det skal ikkje ta tid å få formidla ein bodskap. Om det er haldningar og verdiprioriteringar det er viktig å formidle til neste generasjon, kvifor skal dei da få det gjennom eit eventyr lest opp på 15 minutt når ein teikneserie på 3 minutt gjer same nytta?

Ein kultur der biletkommunikasjon er den dominerande forma vil vere annleis enn den vi har i dag. Det kan sjå ut som vi raskt er på veg mot ein slik kultur. For noen synest kanskje dette skremmande. Rop om forfallet i norskkunnskapar og lesekunne kan tyde på det. Etter kvart som folk med erfaring i biletkommunikasjon tar over produksjon og distribusjon av film og video, vil utviklinga skyte fart. Samanhengande tekst utan bilete vil få større og større problem med å henge med. Den er rett og slett for langsam for auge og hjernar som er trenna i den mye raskare, analoge kommunikasjonen i teikneserieform. Dei mange som er bekymra for skriftkulturens stilling i dagens samfunn, har heilt rett. Vi er inne i ein viktig og langsiktig endringsprosess. Eg ser likevel ikkje noe poeng i å vere «mot» ei slik omforming av kulturen. Det er i beste fall bortkasta krefter. Kreftene vil vere betre nytta om vi prøver å skjone kva som skjer, med tanke på å legge nye sider til utviklinga. For den digitaliserte bokkulturen vår av i dag har – trur eg – visse kvalitetar vi ikkje utan vidare vil få med oss inn i framtida om vi ikkje nokså medvite arbeider for det.

Om vi som kineserane må finne opp ei biletskrift, eller om vi må utforske korleis PC-ane ikkje berre kan produsere tekst men også teikneseriar, det veit eg ikkje. Men det at tekst og bilete talar til kvar si side av hjernen vår, kan kanskje love oss ei framtid der vi kan utvikle fleire sider av intellektet vårt enn det vi har hatt høve til så lenge samanhengande tekst utan bilete definerte kva som var kultur.

### Litteratur

- Ferguson, Marilyn 1980: *The Aquarian Conspiracy*. London, Granada  
 Whitehead, Alfred North and Bertrand Russel, 1910: *Principia Mathematica*. Cambridge, Cambridge University Press, 1962  
 Whorf, Benjamin Lee 1956: *Language, Thought & Reality*. Cambridge, M.I.T. Press, 1979